



Kurt Eivind på traktoren i dag

Kurt Eivind og Bjørg Inga Miljeteig som eig Friheim øvst i dalen har kjøpt nabogarden Øvre Musland av Nils Nåsen. Han har allereie flytta ned til sentrum. Miljeteig har pakta Nåsens gard dei siste 6 åra.

Medan arealet under Friheim er 700 dekar er nabogarden på 1000 dekar. Samla dyrka areal er 111 dekar. Øvre Musland har i motsetad til Friheim også ein god del skog - både gran og lerk. Når den vert hogstmoden vert den eit bra pluss for drifta.



[Øvre Musland har skifta eigar](#)

uskedalen.no har spurt Kurt Eivind Miljeteig om kvifor han har kjøpt nabogarden.

- Frå eit jordbruksmessig synspunkt er det viktig å auka beitearealet. Dermed styrkast også Friheim.

Men den viktigaste grunnen er ein annan - det er tanken på den neste generasjon. Vi håpar at ein av borna våre vil busetta seg på garden vi no har kjøpt, opplyser Kurt Eivind, som stadig er i arbeid med å leggja nytt land under plogen oppunder Nåso.

Tekst: Ola Matti Mathisen